



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 16.11.2020

Vår ref: 20/04147-3

Dykkar ref:

Høyringssvar frå Bjørgvin bispedømeråd - Kvalifikasjonskrav for vigsla stillinger

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å gje høyringssvar. På bispedømerådsmøte 13. november 2020 vedtok rådet følgjande høyringsuttale:

Bjørgvin bispedøme sitt svar på høying om kvalifikasjonskrav til vigsla stillinger:

1. Bjørgvin bispedømeråd gir tilslutning til utvalet sitt forslag om at ordninga med kyrkjeleg evalueringsnemnd for prestar med alternativ kompetanse (evalueringsnemnda § 5 og § 6) opphører og vert erstatta med eit meir detaljert kompetanse/utdanningskrav for dei som ikkje har cand.theol.graden, så det vert føreseileg om alternativ kompetanse kan godkjennast.
2. Bjørgvin bispedømeråd er samd i utvalet sitt framlegg om kompetansekrav for prest for personar med alternativ utdanning.
3. Bjørgvin bispedømeråd er samd med utvalet at ein tar vekk høve til å godkjenna personar med ein særleg kompetanse utan formelle krav til utdanning (§ 6) då det har vist seg at kriteria er krevjande å forhalda seg til og denne unntaksparkagrafen har blitt tolka ulikt både av biskopane og internt i nemnda. Det er og prinsipielt vanskeleg å ha ei ordning der arbeidsgjevar gjennom vedtak i ei nemnd kan velja å sjå bort frå dei vanlege kompetansekrava til ei faggruppe som det elles blir stilt krav om utdanning på masternivå til, når det ikkje finst tilsvarande ordning i nokon samanliknbar gruppe korkje i kyrkja eller elles i samfunnet.
4. Bjørgvin bispedømeråd er samd i at utdanningsnivået for kateket, diakon og kantor skal vidareførast på same nivå som i dag.
5. Bjørgvin bispedømeråd gir tilslutning til at ordninga med at Kyrkjerådet skal godkjenna alternativ kompetanse opphører.
6. Bjørgvin bispedømeråd har desse kommentarane

- a. Bjørgvin bispedømeråd vil framheve det som ligg i det tekniske omgrepene i forslaget «i eller utenfor graden». Det betyr at all relevant kompetanse som finst innanfor ramma av ei eksisterande mastergrad kan nyttast vidare, og at manglende kompetanse kan leggast til i tillegg. Ein treng ikkje starte på ein ny mastergrad. Dette er vesentleg og forenklede.
- b. Bjørgvin bispedømeråd vil som ein kommentar til pkt 4.1.4 i utgreiinga (s. 43) understreke at både Kyrkjerådet og Bispemøtet bør vere med å utforme kva som skal krevjast av særlege fag/tillegg for prestar frå utlandet for å bli prest i Noreg.
- c. Bjørgvin bispedømeråd bed Kyrkjerådet med utgangspunkt i mandatet pkt 2.2. d og e (s.13) om å greie ut om og korleis Den norske kyrkja bør ha innverknad på innhaldet i dei kyrkjelege utdanningane, og om og kva slags rolle Bispemøtet skal ha i høve til å ha innverknad på innhaldet i den praktisk-teologiske utdanninga.
- d. Bjørgvin bispedømeråd bed om at Kyrkjerådet gjennom desse endringane arbeider vidare med å sikre ein heilskapleg ordning for prestevikarar som kombinerer prestevikarteneste og studie med tanke på framtidig teneste i kyrkja.
- e. Bjørgvin bispedømeråd støttar forslaget om at gjeldande «Forskrift for kvalifikasjonskrav for tilsetting som prest i Den norske kirke» vert oppheva, og at nye kvalifikasjonskrav blir sett inn i «Tjenesteordning for menighetsprester» til erstatning for noverande § 3.

Med helsing

Jan Ove Fjellteit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO